

NVE

nve@nve.no

Leikanger 24.05.2016

Registreringsnummer

6492

Saksnummer

201106687


Høringsfråsegn til konsesjonssøknad om å byggje Tynjadalen Kraftverk i Lærdal kommune, Sogn og Fjordane frå Sogn og Fjordane Turlag.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag som dekkjer over heile fylket. Siste medlemstal: 6437 Kraftverket ligg i Lærdal Turlag sitt virkeområde sjå laerdal.dnt.no/laerdalturlag@gmail.com.

Friluftsliv i Lærdalsområde:

Lærdal ligg sentralt i inngangsporten til Sogn og Fjordane fylke austfrå til Skarvheimen og Jotunheimen fjellområde og er vidt kjend for godt laksefiske og sitt autentiske trehusmiljø og stavkyrkja i Borgund. Gamle ferdsleveggar som Kongevegen og Vindhellavegen har styrkja dalføret også som tur- og vandredestinasjon. Men Tynjadalen er mindre tilgjengeleg grunna bom på vegen og forsvaret sitt anlegg. Det går tursti frå Grøto inn i dalen til Øvredalen langs elva og det vert drive hjortejakt i Tynjadalen. Fossateigen, Halabrekka og Tynjåsen er nytta som turområde. Området er registrert som lokalt viktig friluftsområde (FRIDA), ([file:///C:/Users/Lisbeth/Dropbox/FNF%20\(1\)/Kommunane/L%C3%A6rdal/Kommunedelplan%252Bfor%252Bsm%252Bkraftverk%252B-%252BL%C3%A6rdal%252Bkommune.pdf](file:///C:/Users/Lisbeth/Dropbox/FNF%20(1)/Kommunane/L%C3%A6rdal/Kommunedelplan%252Bfor%252Bsm%252Bkraftverk%252B-%252BL%C3%A6rdal%252Bkommune.pdf)).



Lokalt viktig friluftsområde, [www.fylkesatlas](http://www.fylkesatlas.no), FRIDA.

Sammendrag Tynjadalen Kraftverk i Kuvelda:

Kuvelda forutsettes utnyttet til kraftproduksjon gjennom bygging av Tynjadalen kraftverk. Det er presentert ett hovedalternativ for kraftverket. Tynjadalen kraftverk vil utnytte avløpet fra et felt med størrelse 32,8 km² i et 355 m høyt fall i Kuvelda, mellom kote 680 (overløp) og kote 325. Installasjonen vil være ca. 9,6 MW og vil gi estimert årsproduksjon lik 22,7 GWh. Det er planlagt vannvei på vestsiden av Kuvelda. Fra inntaket vil vannveien bestå av boret sjakt, sprengt tunnel og nedgravde rør ned til kraftstasjonen. Kraftstasjonen skal ligge i dagen. Det er ingen planer om reguleringsmagasin eller overføring av felt for det planlagte kraftverket. Tynjadalen kraftverk vil gi kraft til ca. 1140 husstander, og det antas at anleggsarbeidet i så stor grad som mulig vil tilfalle lokale og regionale firmaer.

Vurderingene forutsetter at det blir sluppet minstevannføring tilsvarende 95-persentil sommer og vinter for Tynjadalen kraftverk. Rør-/jordkabeltraseer, vei- og anleggsfyllinger forutsettes revegetert av stedefegen vegetasjon. Dette er ein uvanleg berekning av minstevassføring. Anten sær god eller gjerne ein skrivefeil..

Sammendrag for utbyggingen: Tynjadalen, Sogn og Fjordane Lærdal Kraftverk

Nedbørfelt 32.8 km²

Inntak kote 680 moh - Utløp kote 325 moh

Slukeevne maks 3,2 m³ /s Slukeevne min 0,16 m³ /s

Installert effekt, 9,6 MW Produksjon per år, 22,7 GWh

Utbyggingspris, 4,4 NOK/kWh

Utbyggingskostnad, 100 mill. NOK

Kuvella i Tynjadalsbotn har i Kommunedelplan for små kraftverk i Lærdal fått sum 10 poeng og hamna i grøn sone, dvs lav konfliktgrad.

Utbyggingsprisen har endra seg raskt og er vel no ein noko dyr utbygging.

Vassføring i Tynjadalsbotn, søknad side 34: «I perioder når det er lite tilsig, går vannføringen i Tynjadalsbotn i grunnen og er ikke synlig. Landskapsmessig ser det ut som elveleiet i Tynjadalsbotn er tørt/tilfrosset i vinterperioden.»

Dette tyder gjerne på at ved minstevassføringa vil verte lite vatn som vert rennande og synleg i elveleie, noko som kan påverke lokalklima ytterlegare. Vi ber NVE sjå nærare på dette.

Lokalklima vil i så fall endrast nemneverdi, i motsetnad til det som står i søknaden.

Registreringsnummer

6493

Saksnummer

201106688

Høyringsfråsegn til konsesjonssøknad om å byggje Fosseteigen Kraftverk i Lærdal kommune, Sogn og Fjordane frå Sogn og Fjordane Turlag.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag som dekkjer over heile fylket. Siste medlemstal: 6437 Kraftverket ligg i Lærdal Turlag sitt virkeområde sjå laerdal.dnt.no/laerdalturlag@gmail.com.

Friluftsliv i Lærdalsområde:

Lærdal ligg sentralt i inngangsporten til Sogn og Fjordane fylke austfrå til Skarvheimen og Jotunheimen fjellområde og er vidt kjend for godt laksefiske og sitt autentiske trehusmiljø og stavkyrkja i Borgund. Gamle ferdsleveggar som Kongevegen og Vindhellavegen har styrkja dalføret også som tur- og vandredestinasjon. Det er ikkje tilrettelagt for ferdsel langs elva/området som Fosseteigen kraftverk er knytt til. Det vert drive hjortejakt i Tynjadalen. Det går tursti frå Grøto inn i dalen til Øvredalen langs elva og det vert drive hjortejakt i Tynjadalen. Fosseteigen, Halabrekka og Tynjåsen er nytta som turområde. Området er registrert som lokalt viktig friluftsområde (FRIDA), ([file:///C:/Users/Lisbeth/Dropbox/FNF%20\(1\)/Kommunane/L%C3%A6rdal/Kommunedelplan%252Bfor%252Bsm%C3%A5%252Bkraftverk%252B-%252BL%C3%A6rdal%252Bkommune.pdf](file:///C:/Users/Lisbeth/Dropbox/FNF%20(1)/Kommunane/L%C3%A6rdal/Kommunedelplan%252Bfor%252Bsm%C3%A5%252Bkraftverk%252B-%252BL%C3%A6rdal%252Bkommune.pdf)).

Fosseteigen er svært synleg i landskapet og har såleis stor verdi for landskapsopplevinga i området.

Nasjonalt laksevasdrag:


Lærdalselvi er nasjonalt laksevasdrag, og Sognefjorden er nasjonal laksefjord. Kuveldi som sideelv til Lærdalselva er er lakseførande opp til Grøte foss, som ligg oppstrøms planlagt kraftstasjon.

Søknaden legg opp til at redusert vassføring på 60 meter av den lakseførande strekninga.

Avbøtande tiltak her må vere omløpsventil i kraftstasjonen og/eller å legge kraftstasjon oppstrøms lakseførande strekning.

Vi er og uroa for å legge større deler av strekninga i Kuvelda i rør i høve næringsstoffer og biologisk produksjon som går sterkt ned og kan gje redusert næringstilgang for laks og smolt.

Vi ber NVE vurdere dette nøye i samband med sumverknadane av fleire utbygginger knytt til Lærdalselva.



Sammendrag Fosseteigen

Kuvelda forutsettes utnyttet til kraftproduksjon gjennom bygging av Fosseteigen kraftverk. Det er presentert ett hovedalternativ for kraftverket. Fosseteigen kraftverk vil utnytte avløpet fra et felt med størrelse 64,6 km² i et 142 m høyt fall i Kuvelda, mellom kote 202 (overløp) og kote 60. Installasjonen vil være ca. 6,2 MW og vil gi estimert årsproduksjon lik 16,3 GWh. Fra inntaket vil vannveien gå på vestsiden av Kuvelda og langs eksisterende vei. Ved kote ca. 120 er det planlagt at røgrøften krysser under Kuvelda over på sørsiden av elva. Fra inntaket vil vannveien bestå av nedgravde rør ned til kraftstasjonen. Kraftstasjonen skal ligge i dagen. Det er ingen planer om reguleringsmagasin eller overføring av felt for det planlagte kraftverket. Fosseteigen kraftverk vil gi kraft til 820 husstander, og det antas at anleggsarbeidet i så stor grad som mulig vil tilfalle lokale og regionale firmaer.

Sammendrag for utbyggingen Fosseteigen kraftverk:

Nedbørfelt 64.6 km²

Inntak kote 202 moh Utløp kote 60 moh

Slukeevne maks 5,2 m³ /s Slukeevne min 0,09 m³ /s

Installert effekt 6,2 MW Produksjon per år 16,3 GWh

Utbyggingspris 4,90 NOK/kWh Utbyggingskostnad 80 mill. NOK

Natur og miljø:

Naturmiljøet er varierende. Det er fleire stølsvollar innover dalen opp på fjellet og bratte, utilgjengelege og delvis skogkledde fjellsider. Lausmassane er prega av skredmateriale og mange rasvifter. Opp i Øvredalen er det noko moreneavsetningar. I tillegg er det ”nydyrka” steinfyllingar som er i ferd med å gro att med småskog. Tynjadalen er skogkledd og brote opp av nokre skrentar og brattare sider (særleg mot aust). Oppe i Øvredalen er skogsvegetasjonen meir variert med større variasjon av lausmassar, bart fjell og skredvifter. Berggrunnen er i hovudsak av djupbergartar, men over Øvredalen (med blant anna Hånosi) er det eit belte av sedimentære bergartar (fyllitt og glimmerskifer). Det er registrert få viktige naturtypar i området samanlikna med hovuddalføret, noko som kan skyldast at det er gjort meir registreringsarbeid i hovuddalføret enn i sidedalane.

Den kommunale naturtypekartlegginga har registrert ein lokalitet i området:

Registrering: 142210032 Halabrekka, Naturtype: Hagemark, Skildring: Heilskapleg kulturlandskap. Noko beitemarkssopp. Verdi: Viktig

Fossegrovi i Tynjadalen har i Kommunedelplan for små kraftverk i Lærdal fått samla sum 12 poeng (natur og miljø 4, landskap 3, Kulturminne 2 og Friluftsliv 2) og hamna i gul dvs middels konfliktsone.

Utbyggingsprisen har steget sterkt og er no oppe i 4,90 NOK/kWh, ein heller dyr utbygging.

Sumverknad av planlagte kraftverk i nærområdet:

Det er allereie gitt konsesjon og under bygging fem kraftverk relativt nær Kuvelda. I eit dalføre med svært låg årsnedbør og tørt klima meiner vi det vil vere uheldig å føre frå vatn i fleire elvar og lengre elvestrekk.

Konklusjon:

Fosseteigen kraftverk vil fråføre vatnet i ei svært synleg elv i eit lokalt viktig område for friluftsliv. Kraftstasjon ligg i lakseførande strekning, men kan flyttast 60 meter opp og såleis samanfalle med naturleg vandringshinder.

For landskap meiner vi verknaden av tiltaket vil ha middels-stor negativ verknad og denne er viktig for friluftslivet.

Akvatisk miljø middels-stor negativ verknad. Naturmiljøet vil verte lite til middels negativt påverka av utbygginga. Halabrekka har hagemark av høg verdi med beitemarkssopper, desse er avhengig av råme i grunnen. Av omsyn til sumverknader, landskap, naturmiljø og friluftsliv meiner vi det ikkje

bør byggast to kraftverk i Kuvelda. Det minst konfliktfylte og det som evt kan ha størst flomdempande effekt, Tynjadalen bør få konsesjon før Fosseteigen.